



Balestrand kommune

Rådmannen

dek 233

2060549/ 07.12.06
Vi-501

Kultur- og kirkedepartementet
postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Saksnr.	Arkivkode	Saksh. / Telefon	Dykkar ref.	Dato
06/01137	C84	Erland Fagermoen 57694704		01.12.2006

NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Balestrand kommunestyre gjorde den 23.11.06 vedtak om slik uttale:

Balestrand kommune gjev si tilslutning til modell 1 - grunnlovforankra folkekyrkje (statskyrkje), jf. saksutgreiinga.

Med helsing

Vidar Roseth
rådmann

Postadresse:
Kong Beles veg 20
69 12 05
6899 BALESTRAND

Besøksadresse:
Kong Beles veg 20
BALESTRAND

Sentralbord: 57 69 47 00
Telefaks: 57
Bankgiro: 3805.07.00043
Postgiro for skatt: 0827 5914186

MØTEBOK

Sak nr.: Utval	Møtedato
0042/06 Formannskapet	22.11.2006
0025/06 Kommunestyret	23.11.2006

Sakshandsamar: Erland Fagermoen	Arkiv: C84
Arkivsaknr.: 06/01137	

PROTOKOLL: NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Vedlegg: Opptrykt samandrag kap. 2.
Uttale frå Forum for statskirken
Høyringsark med avkryssingar og kommentarar

Bakgrunn: Utgreinga NOU 2006 : 2 Staten og Den norske kyrkja, er publisert på ODIN
(<http://www.dep.no/kkd/norsk/tema/kirke/043031-230030/dok-bn.html>)

Lovheimel:

SAKSOPPLYSNINGAR

Stat - kyrkje utvalet vart oppnemnt i 2003. Mandatet deira var å gje grunnlag for å treffe avgjerd om statskyrkjeordninga skal vidareførast, reformerast eller avviklast. I tillegg til sjølvve ordningsspørsmålet, skulle utvalet vurdere finansieringsordningar, gravferdsforvaltning og ordningar for freda og verneverdige kyrkjer. Eigeomsretten til kyrkjer, kyrkjegardar og Opplysningsvesenets fond ved eit eventuelt opphøyr av statskyrkja, skulle og utgreiast.

Hovudspørsmålet er korleis stat og kyrkje skal vere knytt til kvarandre. Det er utgreidd tre modellar:

	1	2	3
Kyrkjeordning	Grunnlovforankra folkekyrkje	Lovforankra folkekyrkje	Sjølvstendig folkekyrkje
Rettsleg forankring	Grunnlova	Særlov gjeven av Stortinget	Trudomssamfunnslova
Øvste mynde	Kongen i kyrkjeleg statsråd	Kyrkjemøtet	Kyrkjemøtet
Utneimning av biskopar og prostar	Kongen i kyrkjeleg statsråd (ev. bare biskopar)	Kyrkja står fritt	Kyrkja står fritt

Den grunnleggjande skilnaden mellom dei tre alternativa er det rettslege rammeverket og endringar i det øvste kyrkjestyret.

Det første alternativet er som i dag der føresegnene i Grunnlova er styrande for Den norske kyrkja.

I alternativ to vert Den norske kyrkja etablert som eit sjølvstendig rettssubjekt, men med ein eigen kyrkjelov vedteken av Stortinget.

Det tredje alternativet inneber at trudomssamfunnslova legg rammer for Den norske kyrkja si verksemd på lik line med andre trudoms- og livssynssamfunn.

Utvalet vurderar alternativa både i forhold til staten, Den norske kyrkja og andre trudoms- og livssynssamfunn. Presentasjonen viser og konsekvensane for den organisatoriske utforminga og styringsorgana sitt ansvar og oppgåver.

VURDERING

Til høyringa er det frå departementet utarbeidd eit spørje-/avkryssingsskjema. For å gjera saka enklast mogeleg, har ordføraren fylt ut eit slikt skjema så ein kan debattere ut i frå det.

Hovudlinene som eg legg til grunn for utfyllinga er:

- Statskyrkja femnar heile landet, frå sentrale strøk til dei mest grissgrendte distrikt. Sjølv om mange av mine landsmenn vil halde ein viss avstand til kristendomen, så ser vi det gong på gong at når det røyner på i livet, så er presten der og kan hjelpe/trøste, i kraft av si "statlege" stilling, uavhengig av organisasjonar eller trussamfunn som ein kanskje har vanskeleg for å identifisere seg med. Dersom ordninga vert oppheva kan mange verte heimlause, og sambandet til kristen kultur, etikk og tru kan verte svekka. Samfunnet treng felles verdiar, eit kulturelt lim, noko som gjev retning. Vert desse banda svekka er eg redd mange vil hamne i eit religiøst vakum med påfølgjande rotløyse. Skulle dette skje kan vegen inn i autoritære samfunn av ulike avskygningar vere kort. La oss tenke nøye igjennom kva landet vårt vil miste ved å oppheve statskyrkjeordninga.(som mindretalet)
- At finansieringa av alle stillingar og tilhøyrande personalkostnader vert overført til staten, medan den øvrige ansvarsfordelinga mellom stat og kommune vert vidareført som i dag. (fleirtalet)
- Fellesrådet (hos oss soknerådet) held fram med ansvaret for kyrkjegardane. (mindretalet)
- At eigedomar og kyrkjefond (inkl. Opplysningsvesenets fond), som ikkje er eigd av private eller av sokna åleine, vert overførde til Den norske kyrkja. (fleirtalet)

Ordføraren si tilråding:

Formannskapet sluttar seg til svara på høyringsarket.

Handsaming:

Formannskapet :

Ordførar Erland Fagermoen endra si tilråding til:
Balestrand kommune gjev si tilslutning til modell 1 - grunnlovforankra folkekyrkje (statskyrkje) jf. saksutgreiinga.

Leif Grinde gjorde følgjande framlegg:
Balestrand kommune gjev si tilslutning til modell 2 - lovforankra folkekyrkje jf. saksutgreiinga.

Hanne Sæbø gjorde følgjande framlegg:
Balestrand kommune gjev si tilslutning til modell 3 - sjølvstendig folkekyrkje jf. saksutgreiinga.

Det vart først røysta over framlegget til Hanne Sæbø. Dette fekk 2 røyster og fall. Det vart deretter røysta alternativt over framlegga til Leif Grinde og Erland Fagermoen. Framlegget til Erland Fagermoen vart då tilrådd med 3 mot 2 røyster.

Tilråding

Balestrand kommune gjev si tilslutning til modell 1- grunnlovforankra folkekyrkje (statskyrkje) jf. saksutgreiinga.

Tilrådd (3 mot 2)

Handsaming:

Kommunestyret :

Britt G. Menes (V) la fram framlegg om å gå inn for modell 3 - sjølvstendig folkekyrkje, jf. saksutgreiinga. Ho ba om punktvis røysting.

Helge Pedersen (SV) fremja framlegg om modell 2 - lovforankra folkekyrkje, jf. saksutgreiinga.

Det vart røysta punktvis.

Det vart røysta over framlegget frå Britt G. Menes. Dette fekk 3 røyster og fall.

Det vart røysta over framlegget frå Helge Pedersen. Dette fekk 1 røyst og fall.

Det vart røysta over tilrådinga frå formannskapet. Dette vart vedteke med 13 mot 4 røyster.

Vedtak

Balestrand kommune gjev si tilslutning til modell 1- grunnlovforankra folkekyrkje (statskyrkje) jf. saksutgreiinga.

Vedteke (13 mot 4)